




Planstrategi for Vik kommune

2020-2023

Vedteken i kommunestyret
11.02.2021. Saksnr 006/21.

Dato: 15.01.2021



#velkommen til vik



Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Nasjonale og regionale føringer	4
4. Organisering og prosess	7
5. Status og utfordringar i kommunen.....	8
6. Planverk og planbehov.....	10
6.1 Kommunale planar - kva type planar har vi?.....	10
6.2 Status for kommuneplan 2013-24	13
6.3 Status og vurdering av kommunedelplanar og temaplanar.....	15
6.4 Status og vurdering av kommunale reguleringsplanar	21
7. Endringar og tiltak i Vik kommune sitt planverk 2020-2023	23

VEDLEGG 1: Status og utfordringar for Vik kommune



1. Innleiing

Kommunal planstrategi er eit lovpålagt tiltak.

Det er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon, som grunnlag for å vurdera *planbehovet* i kommunestyreperioden. Planstrategien er rettleiande for kommunen si planlegging. Planstrategien tek stilling til utviklingstrekk og utfordringar i kommunen og ser dette i samanheng med kva planar som skal reviderast eller rullerast og om det er behov for nye planar i den inneverande planperioden/kommunestyreperioden.

Spørsmål å drøfta:

- Kva er viktige utviklingstrekk og endringar i kommunen og i samfunnet elles, både regionalt og nasjonalt, sidan siste kommuneplanvedtak?
- Kva har dette å seia for kommunen sitt planverk? Kva trengst av endringar i eksisterande planar?
- Kva trengst av nye planar ?

Det er viktig at planbehovet også vert vurdert og prioritert i forhold til kapasiteten til dei ulike avdelingane.

Rammer og lovgrunnlag

	Kommunal
Lovheimel	§ 10-1
Føremål	Politisk prioritering av planbehovet i kommunestyreperioden
Innhaldskrav	Vedtak om gjeldande kommuneplan eller delar av den skal reviderast. Eit grunnlag som syner føresetnadane for vurdering av planbehovet
Prosess	Henta inn synspunkt frå statlege og regionale organ, samt nabokommunar = samarbeid. Forslag til vedtak skal gjerast kjent min. 30 dgr før handsaming i kommunestyret
Vedtak	Kommunestyret
Tidspunkt for vedtak	Innan eitt år etter konstituering av kommunestyret, og minst ein gong i valperioden
Verknad	Retningsgjevande for kommunen si prioritering av planarbeid

Illustrasjon henta frå presentasjon til plansjef Synnøve Stalheim i Vestland fylkeskommune.



Plan- og bygningslova § 10-1 Kommunal planstrategi:

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi.

Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves, jamfør lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven § 10-1 om communal planstrategi.

Kommunen skal i arbeidet med communal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. ---

Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrts behandling, jamfør lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven § 10-1 om communal planstrategi.

Utarbeiding og behandling av communal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen.»

2. Nasjonale og regionale føringer

Nasjonale føringer

Kvart fjerde år vedtek regjeringa nasjonale forventingar til regional og communal planlegging. Dette skal sikre at nasjonale interesser vert ivaretake.

Nasjonale forventningar til regional og communal planlegging, vedteke i 2019, legg vekt på fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftsamfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle.

Kommunane har som oppgåve å handtere desse utfordringane. Planlegginga er eit viktig verktøy for kommunen. I dei nasjonale forventningane har regjeringa gjort greie for sine forventningar til kommunane sin planlegging innanfor fire tema:

01 Planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling.

Viktige stikkord er FN sine berekraftsmål, tilpassa planar etter kommunen sitt behov, digitale kartdata, konsekvensar av å stå aleine, tilgang til kunnskap og kompetanse.





02 Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet.

Viktige stikkord er klimaansvar, klimatilpassing, stabil og trygg infrastruktur lokalt og i regionen, tilrettelegging for landbruk og styrking av eit variert næringsliv.

03 Berekraftig areal- og transportutvikling.

Viktig stikkord er fortetting og transformasjon, verna av dyrkbar mark, legg til rette for gode gang- og sykkelsamband, utbygging av breibandsdekning i heile kommunen.

04 Byar og tettstader der det er godt å bu og leve.

Viktige stikkord er tettstadutvikling, bumiljø, folkehelse, oppvekstmiljø, kultur.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. FN hevdar at 2/3 av måla er avhengig av lokal innsats og berekraftmåla er derfor ein sentral del av grunnlaget for kommunal samfunns- og arealplanlegging.

Berekraftmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030.




FNs berekraftsmål.

Regionale føringar

Regional planstrategi, «Utviklingsplan for Vestland», vart vedteken av fylkestinget i september 2020.

«Utviklingsplan for Vestland» løfta fram fire hovudmål:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.



Andre grunnlagsdokument:

- Folkehelseoversikt for Vik kommune 2019 (Vik kommune).
- Økonomiplan 2020-2023 for Vik kommune (vedtak i KS desember 2019).
- Statistikk og analysar for Vik kommune frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune/Vestland fylkeskommune.
- Vestland Fylkeskommune sitt statistiske grunnlagsmateriale for regional planstrategi:
 - «Vestland, Folkehelseoversikt 2019-2023»
 - «Vestland, Utfordringar for fylket og for regionane»
 - «Vestland, statistikk og utviklingstrekk»



4. Organisering og prosess

Prosjektansvarleg:	Rådmannen
Prosjektleiar:	Plansjef
Styringsgruppe:	Formannskapet
Arbeidsgruppe(AG):	Rådmann Plansjef Leiar plan og forvaltning Kommunalsjef stabsfunksjonar
Referansegruppe:	Plan og forvaltning Leiargruppa

Prosess og framdrift

Tid - 2020	Ansvarlege aktørar	Føremål
16. jan	Plan og forvaltning	Politikaropplæring: Plan- og bygningsloven, plansystemet og komande arbeid med planstrategi.
Februar/mars	Arbeidsgruppa	Føremål, opplegg og organisering – drøftingar. Utarbeide utkast til planstrategi.
Mai/juni	Leiargruppa Plan og forvaltning	Møte med leiargruppa + møte med kvar enkelt av kommunalsjefane og andre sakshandsamarar. Innhente informasjon og fordele ansvar.
Juni/juli	Arbeidsgruppa	Utkast planstrategi klar.
August/september	Leiargruppa og Plan og forvaltning	Gjennomgang grunnlagsdokument og framlegg til planbehov.
September	Kommunestyret	Plandag med KS. Orientering om planstrategien.
September	Formannskapet	Presentasjon av utkast til planstrategi, drøftingar.
Oktober	Formannskapet	22. 10.2020. Arbeidsmøte med formannskapet (faste utvalet for plansakar).
November	Formannskapet	05.11.2020 Vedtak om kunngjering og offentleg ettersyn. Krav min. 30 dagar. Høyringsfrist medio desember.
Desember/Januar	Arbeidsgruppa	Vurdere innkomne merknader. Supplering/endringar i plandokumentet
Januar/februar	Formannskapet Kommunestyret	Vedtak av planstrategi.



5. Status og utfordringar i kommunen

Nedanfor er eit samandrag av vedlegget «Stauts og utfordringar for Vik kommune». «Status og utfordringar for Vik kommune» gjer greie for viktige område og tema som er relevante for kommunen sitt planverk.

Folketalsutvikling

Folketalet har gått ned sidan førre planstrategi og folketalsframskrivngar frå SSB tilseier at dette kjem til å halda fram. Dei underliggende demografiske trekka med vedvarande fødselsunderskot og aukande del eldre gjer at berre tilflytting kan gje auke i folketalet i tida framover.

Flyktningar og integrering

I tilråding frå statleg hald som kom i oktober 2019, var ikkje Vik kommune med på lista over dei som fekk tildelt fleire flyktningar.

Bustader

Kommunen har jobba systematisk i høve variasjon av eigna bustadtomter dei siste åra. Per juni 2020 har kommunen eit variert tomttilbod for både leilegheiter og einebustader og det er tilgjengeleg bustadtomter i alle bygdene. Det er viktig å ha tilgjengeleg areal til bustadformål.

Samferdsle

Breibandsdekning har vorte vesentleg betre, store deler av kommune har fiberløysing tilgjengeleg. Goteviktunnelen er ferdig hausten 2020 og gjev rasttrygg veg mellom Vik og Vangsnæs. Det er fortsatt uløyste kommunikasjonsutfordringar knytt til rv. 13 og Vikafjellstunnelen, rasfare på fylkesveg 5600 Vik – Arnafjord og fylkesveg 5602 Feios – Fresvik. I tillegg kjem låg ferjefrekvens for ferjesambandet ved Vangsnæs kombiner med dårlig vegstandar på rv. 55 Hella – Leikanger. Det er viktig å styrke samferdsletiltak som gjer Vik kommune til ein del av ein større BAS-region.

Næringsutvikling og sysselsetting

Det er høg grad av sysselsetting i kommunen. Vik kommune har eit mangfaldig og robust næringsliv. Landbruksnæringa er viktig del av næringslivet. Framtidig utvikling med skeiv aldersfordeling kombinert med nedgang i innbyggjarar i arbeidsfør alder gir utfordring knytt til rekruttering.

Kommuneøkonomi

Terra-saka er avslutta. Disposisjonsfondet vert tappa vesentleg i dei neste åra i økonomiplanperioden om ikkje fleire tiltak vert vedtekne. Driftsbudsjetta er knytt til kraftinntektene som for tida er låge, dette gir ein vanskeleg økonomisk situasjon. Kommunen gjer eit stor løft ved å realisere VHO-prosjektet, noko som fører til at ambisjonsnivået på andre området må reduserast til etter denne økonomiplanperioden.



Offentlege tenester

Helse og velferd:

«Eldrebølgen» gir utfordringar for helse- og velferdssektoren når det gjeld rekruttering og drift. Realisering av «Vik helse- og omsorgssenter»-prosjektet vil opna opp for ein framtidsretta bruk av ressursane i helsesektoren. Det er auka krav til kommunale helsetenester.

Oppvekst og kultur:

Prognosar viser at talet barn i alder 1-15 år går ned dei neste fem åra. Hausten 2020 er skulestrukturen endra slik at det er to 1-10 offentlege skular i kommunen: Feios skule og Flatbygdi skule. Hausten 2020 vert det bygd ein ny modul-barnehage i Feios.

Kulturskulen og det frivillige musikklivet i Vik held til i Notestova. Notestova er i ferd med å nå ein alder og tilstand som krev enten større tiltak eller at funksjonane vert flytte til meir eigna lokale.

Samfunnstryggleik, klima og miljø

Store deler av kommunen ligg innanfor aktsemdområde for skred og/eller flaum. All aktivitet i strandsona må sjåast i samanheng med venta havnivåstigning og stormflo. Det er også auka fokus på miljømål for vassdraga i kommunen. Ved revisjon av arealplanar er det viktig å få fletta inn oppdatert informasjon.

Landbruk er viktig næring i kommunen; dyrka og dyrkbar jord må forvaltast med varsemd.

Folkehelse

Vik kommune har fire hovudfokus: Sosial ulikskap, oppvekst- og levekår, fysisk aktivitet og aldrande befolkning. Folkehelseoversikten er eit viktig kunnskapsgrunnalg og skal ligga til grunn for komande planarbeid i alle sektorar.

Kommunereform og regionreform

Vik held fram som eigen kommune medan landskapet rundt oss er i endring; nabokommunar har slege seg saman og Sogn og Fjordane og Hordaland er slegne saman til Vestland Fylke.

Samla vurdering:

Dei viktigaste utfordringane og venta utviklingstrekk for Vik kommune på kort og mellomlang sikt er:

- Utbygging av Vik helse- og omsorgssenter og «eldrebølgen»
- Folketalsutvikling og bygdeutvikling
- Kommuneøkonomi
- Samferdsle
- Berekraftsmåla inn i kommunal planlegging





6. Planverk og planbehov

Det er ressurskrevjande å utarbeida og revidere/rullere planar. Planverket bør derfor avgrensast til det som er naudsynt for å oppfylla viktige mål. Lovpålagde planar må prioriterast. Planstrategien skal gje svar på følgjande:


- Kva endringar må eller bør gjerast i eksisterande planar som skal vidareførst?
- Kva planar kan vidareførast og kva kan gå ut/verta oppheva?
- Kva trengst av nye planar?

Vik kommune har utarbeida eit eige dokument: «Status og utfordringar for Vik kommune». Dokumentet er eit vedlegg til planstrategien og gir ei kort skildring av utviklingstrekk og utfordringar som er relevante for kommunen sitt planverk.

6.1 Kommunale planar - kva type planar har vi?

Kommunen har planar både for arealbruk og ulike verksemderområder. Fleire av planane er lovpålagde. Planar er eit reiskap for å setja politikk ut i praksis.

Alle kommunen sine planar kan delast inn eit planhierarki:



1. Kommuneplan

Kommuneplanen skal handsamast i samsvar med Plan- og bygningslova, som set krav til varsel om oppstart, høyring og offentleg ettersyn og politisk handsaming og vedtak.

Kommuneplanen består av:

1. Samfunnsdelen
 - Handlingsdel til samfunnsdelen, denne vert kopla opp mot økonomiplan.
2. Arealdelen
3. Økonomiplan og budsjett med årleg politisk handsaming og vedtak.
Kommunelova §14-4 seier at kommune kan velje å utarbeide økonomiplan som samtidig skal fungere som handlingsdel til samfunnsdelen av kommuneplanen.

Utarbeiding og revisjon:

Behov for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal vurderast i *kommunal planstrategi* kvart 4. år.

Økonomiplan og budsjett vert rullert kvart år.

2. Tematiske kommunedelplanar

Tematiske kommunedelplanar skal handsamast i samsvar med Plan- og bygningslova, som set krav til varsel om oppstart, høyring og offentleg ettersyn og politisk handsaming og vedtak.

Utarbeidast ved behov for detaljering eller utfylling av den overordna planen. Det er to slags delplanar:

- Kommunedelplan for viktige tema eller sektorar. Døme: oppvekst.
- Delplanar for arealbruk. t.d. for tettstader i kommunen.

Utarbeiding og revisjon:

Behov for revisjon vert vurdert i *kommunal planstrategi* kvart 4. år.

3. Temaplanar

Planar utarbeidde etter anna lovverk enn Plan- og bygningslova. Omfattar planar som er laga for å fylgja opp føringar i samfunnsdelen, sektorovergripande planar, lovpålagde planar eller fagplanar.

Utarbeiding og revisjon:

Det er ikkje krav om at temaplanar skal vurderast i planstrategiarbeidet, men i førre planstrategi vart det gjort og det gir ein heilskapleg oversikt. Temaplanar vert derfor vidareført som ein del av planstrategien for Vik kommune.



Kommunen står fritt til å fastsetje opplegg for utarbeiding og medverknad ut i frå kva som er tenleg i kvart tilfelle og eventuelt føringar i aktuelt lovverk.

Planprosessane vert forma etter behov.

Nokre temaplanar vert lagt fram til politisk godkjenning andre til orientering i kommunestyret.

4. Kommunale reguleringsplanar

Gjeld arealbruken i kommunen og skal i hovudsak vera ei vidareføring og detaljering av kommuneplanen sin arealdel. Reguleringsplanar skal handsamast i samsvar med Plan- og bygningslova. Lova set krav til varsel om oppstart, høyring og offentleg ettersyn og politisk handsaming og vedtak.

Det er etter Plan- og bygningslova to typar reguleringsplanar:

- Områdereguleringsplanar: Større område, mindre detaljering.
- Detaljregulering: Høg detaljeringsgrad, vanlegvis mindre område.

Utarbeiding og revisjon:

Behov for nye reguleringsplanar vert vurdert i *kommunal planstrategi* kvart 4. år.



6.2 Status for kommuneplan 2013-24

1. Samfunnsdelen til kommuneplanen. Langsiktig del 2013-24.

Samfunnsdelen m. handlingsdel vart vedteken i kommunestyret desember 2012.

Samfunnsdelen er eit retningsgivande styringsdokument.

Hovudmål i kommuneplan av 2012 er :

Hovudmål:

Hovudmål for plan- og utviklingsarbeidet i Vik kommune er å snu folketalsnedgangen. For planperioden gjeld følgjande mål:

Snu folketalsutviklinga - 2800 innbyggjarar i 2024.

Eit viktig delmål er at kommunesenteret Vik og bygdene Arnafjorden, Vangsnes, Feios og Fresvik skal utviklast vidare som levande og attraktive lokalsamfunn .

Kommuneplanarbeidet skal leggja til rette for ei utvikling som sikrar gode levekår og livskvalitetar for noverande og komande generasjonar.

Registrert utvikling siste åra syner at dette er eit vanskeleg mål å nå. Dei underliggjande demografiske trekka med vedvarande fødselsunderskot og aukande del eldre gjer at berre *tilflytting* kan gje auke i folketalet.

I førre planstrategi, vedteken 2017, vart det konkludert med at plandokumentet framleis var ein god styringsreiskap og at ein revisjon burde venta til resultatet av kommunereforma er klar for Vik kommune sin del.


Kommunereforma er avklara og Vik held fram som eigen kommune. Dei største endringane er dermed ikkje internt i kommunen, men området rundt oss endrar seg, både Sogndal kommune og Voss kommune har vorte større. Samtidig har Vik kommune vorte ein del av det nye fylket: Vestland fylke.

Omtale av status og utfordringar i samfunnsdelen er ikkje dekkande for situasjonen i 2020. Hovudmålet om å snu folketalsutvikling til 2800 innbyggjarar i 2024 er urealistisk. Fleire av tiltaka nemnd i planen er sett i verk (og er historie). I drøftingar med det faste utvalet for plansaker (formannskapet) kjem det fram at det er behov for å revurdere kva som skal vera hovudmålet for plan- og utviklingsarbeidet i kommunen. Ved revisjon av samfunnsdelen er det ei målsetjing å samordna og innarbeida flest mogeleg av dei kommunale temaplanane.

Samfunnsdelen frå 2012 er ikkje lenger ein god styringsreiskap og bør reviderast. Ideelt sett bør revisjon av samfunnsdelen skje tidleg i kommunestyreperioden, men på grunn av det pågåande arbeidet med revisjon av arealdelen, kombinert med vurderingar av kapasitet, må revisjonen av samfunnsdelen leggast til siste del av kommunestyreperioden.

2. Handlingsdelen 2013-16 – Økonomiplanen

Handlingsdelen er ikkje rullert/revidert etter 2012. I førre planperiode vart økonomiplanen tilpassa slik at han også kunne reknast som handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunelova opnar opp for ei slik løysing.



Det er forutsett at Vik kommune skal halde fram med å utarbeide ein økonomiplan som samstundes skal fungere som handlingsdel.

3. Arealdelen 2013-24 (KPA 14)

Arealdelen vart vedteken i kommunestyret i 2014. I førre planstrategi vart det sagt at arealdelen skal reviderast i valperioden, med oppstart tidleg i 2017.

I januar 2018 varsla Vik kommune oppstart av revisjon av arealdelen. For dette planarbeidet gjeld krav om planprogram. Planprogrammet skal fastsetje rammer og retningslinjer for planrevisjonen. Planprogrammet vart lagt ut til høyring og offentleg ettersyn samtidig som kommunen varsla oppstart av revisjonen.

I høyringsperioden deltok kommune på regionalt planforum saman med Statens vegvesen, Fylkesmannen (landbruk), Fylkeskommunen (kultur, plan), Fiskeridirektoratet. Samla sett kom det inn 22 merknader og 7 av merknadene gav grunnlag for endringar i planprogrammet.

Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret (saksnr. 052/18) i juni 2018.

Fastsett planprogram legg fylgjande hovudføringar for revisjonen av arealdelen:

- Fokusområde for revisjonen er nye område for bustader og for næringsformål, med hovedvekt på hovudsoknet.
- Arealstrategien i KPA 14 skal liggja fast.
- Fjellområda: Det er forutsett vidareføring av arealbruk i samsvar med interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde og med reglane i verneforskrifta for både Stølsheimen og Nærøyfjorden landskapsvernombord.

I juli 2018 vart fastsatt planprogram kunngjort og det vart varsle om at kommunen skulle starte opp med revisjonen av arealdelen hausten 2018. Frist for å koma med innspel vart sett til 1. september same år.

Utfordringar knytt til kapasitet og ny tilsett som plansjef førte til at ein måtte gjere prioriteringar i høve arbeidsoppgåver. I samråd med rådmannen sett ein arbeid med revisjonen på vent medan ein prioritert å få ferdig reguleringsplan for Blix hotell m.m. og folkehelseoversikten for Vik kommune.

Planarbeidet bør fullførast med ny framdriftsplan. Fastsatt planprogram er fortsatt aktuelt og det er ikkje knytt tidsavgrensing til varsel om oppstart. Det kan likevel vera nyttig å varsle oppstart på nytt for å fram nye idear og ynskjer som kan ha kome fram i mellomtida. I arbeidet med revisjon av arealdelen skal det gjerast vurderingar av kva gjeldande arealplanar som bør reviderast av samfunnstryggleksomsyn. Oppdatert kunnskapsgrunnlag om utviklingstrekk og utfordringar skal leggjast til grunn for planarbeidet.

Arbeidet med å fullføre revisjonen av arealdelen fullførast tidleg i valperioden.




6.3 Status og vurdering av kommunedelplanar og temaplanar

Under følgjer eit oppsett, gruppert etter ansvarsområde, over kommunedelplanar og temaplanar kommunen har og kva status dei har per juni 2020. Informasjon er henta inn etter samtale med kommunalsjefane, leiar plan og forvaltning, næringssjef, rådgjevar oppvekst kombinert med dialog med det faste utvalet for plansaker (arbeidsmøte).

Kommunedelplanar Pbl. § 11-2	Status/vurderingar	Ansvar
Kommunedelplan oppvekst	Vedtak i 2014. Planperiode 2015-2026. Bør reviderast i 2022. Ved revisjon skal barnehage og ny skulestruktur integrerast i dokumentet. Vurdering av barn og unge sitt oppvekstmiljø skal inkluderast i planarbeidet.	Oppvekst
Kommunedelplan for idrett, fysisk akt. og friluftsliv	Revisjon er i gang, forventa vedtak hausten 2020. Årleg rullering av handlingsdelen er naudsynt for å få spelemidlar.	Oppvekst
Delplan helse og omsorg	Vedtak i 2014. «Tiltaksplan for helse og omsorg 2017-2026» vedteken i 2017 er eit resultat av kommunedelplanen. Tiltaksplanen er grunnlaget for «VHO-prosjektet». Delplan helse og omsorg bør reviderast 2022/23. Rekruttering- og kompetanseplanlegging bør inkluderast i planen.	Helse og velferd
Strategisk Næringsplan	Vedtak 2014. Det er behov for revisjon av strategisk næringsplan. Strategisk næringsplan skal inkludera landbruk og reiseliv. Bør reviderast i 2021	Næringssjef/ Konsulent ? Org. av «nærings- funksjonen» er ikkje avklara i.
Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø	Frå før har Vik kommune hatt to kommunedelplanar: Hovudplan vassforsyning (2001) Hovudplan for avlaup (2001) Planarbeid for ein felles plan er starta opp i 2019, forventa vedtak i 2020/21.	Tekniske tenester




Kommunedelplanar Pbl. § 11-2	Status/vurderingar	Ansvar
Klima- og energiplan	Vedtak 2011. Planen er delvis utdatert. Både nasjonale og regionale føringer viser til FN sine bærekraftmål. Bør reviderast 2021/2022.	Plan og forvaltning og Tekniske tenester
Kulturminneplan for Vik kommune	Vedtak 2018. Bør rullerast i 2023.	Plan og forvaltning
Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027	Vedtak 2016. Felles plan for kommunane: Aurland, Høyanger, Masfjorden, Modalen, Vaksdal, Voss og Vik, der Voss kommune hadde hovudansvaret for planarbeidet. I planen står det at den bør rullerast kvar 4. år. Krevjande planprosess - mange aktørar. Vik kommune har ikkje behov som tilseier at vi treng rulling i valperioden.	Deltar i planprosessen for Vik kommune: Plan og forvaltning



Temaplanar	Status/vurderingar	Ansvar
Kulturbyggplan	<p>Vedtak 2002. Planen gir oversikt over ulike kulturbygg i kommunen og tiltak for det enkelte bygg.</p> <p>Revisjon starta i 2015. Fokus på kulturbygg i sentrumsområdet.</p> <p>Forstudie: «Kulturarrenaer for framtida i kommunenesenteret i Vik» var grunnlag for vedtak i kommunestyret 2015 (saknr 092/15).</p> <p>Vedtak om å greie ut tre alternativ for framtidig plassering av kulturskule og øving/konsertlokale for det frivillige kulturlivet i sentrumsområdet (vedtak – sjå vedlegg side 15).</p> <p>Bør reviderast i 2021 i samsvar med tidlegare vedtak.</p>	Oppvekst
Bibliotekplan	<p>NY.</p> <p>Er under utarbeiding. Ferdig 2021.</p>	Oppvekst
Kulturskuleplan	<p>NY.</p> <p>Er under utarbeiding. Ferdig 2021.</p>	Oppvekst
Skulebruksplan. «Utgreiing av mogeleg skule- og barnehagestruktur i Vik» Utarbeidd i 2016.	<p>Grunnlag for «skulestrukturdebatten».</p> <p>Det vart gjort vedtak om varige endringar i skulestruktur i 2018/19</p> <p>Basert på økonomiske prognosar kan det verta behov for revidering i valperioden.</p>	Oppvekst
Ruspolitisk handlingsplan for Vik kommune 2020-2024	<p>Vedtak mai 2020.</p> <p>Skal rullerast kvar 4 år. Er førande for kommunen sin handsaming av skjenkeløyve alkohol.</p> <p>Ikkje behov for enno ein rulling i valperioden.</p>	Under Rådmannen
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	<p>Rullert, vedtak i KS 2018.</p> <p>Planperiode 2019-2023.</p> <p>Oppvekst er prosjektleiar for planprosessen.</p> <p>Ikkje behov for rulling i valperioden.</p>	Oppvekst og Helse og velferd



Temaplanar	Status/vurderingar	Ansvar
Trafikktryggleikplan for Vik kommune.	<p>Revidert i 2019. Planperiode 2020-2024.</p> <p>Oppvekst er prosjektleiar for planprosessen. Ikkje behov rullering/revisjon i valperioden.</p>	Oppvekst og Tekniske tenester
Handlingsplan rus og psykisk helse	<p>I førre planstrategi var det lagt opp til at «handlingsplan mot rus og psykisk helse» skulle erstatte to tidlegare temaplanar: «Psykiatriplan 2007-2012» og «Ruspolitisk handlingsplan». Erfaring er at ein treng ein eigen «ruspolitisk handlingsplan» i samband med handsaming av skjenkeløyve. Temaplanen bør ferdigstillast i 2021.</p>	Helse og velferd
Smittevernplan	<p>Godkjent i 2005.</p> <p>Bør reviderast i 2021. Ved revisjon skal nyleg revidert pandemiplanen inngå som ein del av smittevernplanen.</p>	Helse og velferd
Pandemiplan	<p>Godkjent i 2009.</p> <p>Revisjon er starta opp. Få med erfaringar frå pågående pandemi. Forventa ferdig i løpet av 2020.</p> <p>Når smittevernplanen skal reviderast skal pandemiplanen inngå som ein del av den.</p>	Helse og velferd
Plan for habilitering og rehabilitering	<p>NY. <u>Ferdig 2021.</u></p>	Helse og velferd
«Leve heile livet» temaplan	<p>NY.</p> <p>Tverrfagleg temaplan. Planen skal implementerast og/eller vera kunnskapsgrunnlag for andre relevante planar. Eit resultat av den pågående «leve heile livet»- reforma. Planen skal ta stilling til lokale løysingar. Ferdig 2021.</p>	Helse og velferd



Temaplanar	Status/vurderingar	Ansvar
Plan for busetting og integrering av flyktningar	Ferdig 2017/18. Ikke behov revisjon i valperioden.	Helse og velferd i samarbeid med oppvekst
Avfallsplan for kommunale hamner i Vik kommune	Fagrapport 2012. Forureiningsforskrifta stiller krav om plan. Rullering/revidering 2022.	Tekniske tenester
Forvaltningsplan for kommunale og private vegar	Oppstart 2020. Skal gi oversikt over kommunale vegar og definere kva kriterier som ligg til grunn for å vera communal veg eller privat veg.	Tekniske tenester
Dokumentasjon av brannvesenet i Vik kommune v. Sogn Brann og Redning(SBR) (SAK 12/448)	Brannsjef i Vik er Sogn Brann og Redning. Ein klargjering av brannberedskapen i kommunen. Ikke behov for revidering i valperioden.	Tekniske tenester/Sogn Brann og Redning
Tiltaksplan/innsatsplan-brann for verneverdig trehusmiljøet på Øyri.	NY. SBR er positiv til å delta i planprosessen, kommunen må vera prosjektileiar. Dette er også eit tiltakspunkt i heilskapleg ROS-analyse for Vik kommune. Oppstart 2022.	Tekniske tenester
Kommunale bygg	NY – oversikt og status for kommunale bygg. «Kulturbyggplan for Vik kommune 2001-2004» gir oversikt over ein del kommunale bygg og kan nyttast som utgangspunkt. Oppstart 2023.	Tekniske tenester
Heilskapleg ROS-analyse for Vik kommune	Vedtak april 2018 Skal oppdaterast kvar valperiode. Oppdatering 2022.	Stabsfunksjonar
Beredskapsplan for Vik kommune	Vedtak april 2018 Er knytt opp mot heilskapleg ROS-analyse. Årelg revisjon.	Stabsfunksjonar
Strategi for IKT og digitalisering	Vedtak 2016. Behov for rullering/revidering i 2021.	Stabsfunksjonar



Temoplanar	Status/vurderingar	Ansvar
Kjerneområde landbruk	Ferdig 2012. Revisjon er i gang, forventa ferdig i slutten av 2020.	Plan og forvaltning
Strategi for SMIL-midlar	Er revidert i 2020. Gjeld fram til og med 2023. Ikke behov for revisjon i valperioden.	Plan og forvaltning
Strategi for NMSK-midlar	Revidert 2020. Gjeld fram til og med 2022. Ny rullering/revisjon i 2023.	Plan og forvaltning ved Skog i Sogn
Hovudplan for skogsvegar	Ferdig 2017. Gjeld fram til 2032. Ikke behov for revisjon i valperioden.	Plan og forvaltning ved Skog i Sogn
Forvaltningsplan for hjortevilt	Planarbeid er starta opp. Skal vera eit grunnlag for bestandsplanen. Ferdigstilling i 2021.	Plan og forvaltning
Strandsoneanalyse for Vik kommune	Fagrapport frå 2013. Bør reviderast i høve endringar av strandsona (nye byggetiltak). Revisjon 2021.	Plan og forvaltning
Bustadpolitisk handlingsplan	Låg inne som ny plan i førre planstrategi, vart ikkje fullført i førre valperiode. Utgår som eigen plan og inngår som eigen del i revisjon av arealdelen til kommuneplanen.	Plan og forvaltning
Kartlegging og verdsetting av friluftsområde	Ferdigstilt 2018. Bør rullerast i 2023.	Plan og forvaltning
Folkehelseoversikt	Ferdigstilt i 2019. Bør rullerast i 2023.	Plan og forvaltning
Besøksstrategi for Eitrastrondi Naturreservat	Vedtak 2018. Bør rullere handlingsdelen i 2023.	Plan og forvaltning
Sti- og løypeplan	Ny. Handlingsplan til «interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde» legg opp til at alle kommunane skal utarbeide sti- og løypeplan. Vik kommune fekk tilskot til arbeidet med sti- og løypeplan våren 2020. Kommunestyrevedtak på oppstart fase 1, juni 2020. Arbeid i ulike faser vil foregå ut 2023.	Plan og forvaltning
Strategi for tildeling av tilskot for organisert beitebruk.	Ny. Tidlegare Fylkesmannen sitt ansvar. Ny lokal strategi klar i 2021.	Plan og forvaltning





6.4 Status og vurdering av kommunale reguleringsplanar

Vik kommune har i dei siste åra prioritert reguleringsplanar som er viktig for å klargjera utbyggingsareal for bustader, næringsareal samt deponiareal og infrastruktur for dei store veganlegga. Når pågåande reguleringsarbeid for Rinde og Fedjane vert vedteken, er det einebustadtomter tilgjengeleg i alle bygdene våre. Når det gjeld næringsareal er området aust for Vikja regulert til næringsbygg i områdeplanen «Vikja-Seimsvegen». Private aktørar eig store deler av eigedomane som ikkje er utbygde i området. Vik kommune har intensjonsavtale med interessent om sal av den kommunale eigedomen i sør. På Hesjasletta er det regulert inn eit område for hageavfall og massedeponi. Vik kommune er grunneigar for det aktuelle området.

Nytt kommunalt bustadfelt på Tenål er opparbeida. Første byggesteg opnar opp for 18 nye einebustader i området. Det er etablert ein gang- og sykkelveg langs med fylkesvegen, frå bustadfeltet og fram til Vange bru. Men frå og med Vange bru til Flatbygdi skule manglar ei trafikktrygg løysing. Deler av denne vegstrekningen er fylkesveg. Vik kommune bør, i samarbeid med vegeigar, vurdere detaljregulering for strekningen Vange bru – Flatbygdi skule, med fokus på gang- og sykkelveg.

I vedteken plan for Goteviktunnellen seier føresegne at sjøfronten ved Vetleøyri skal detaljregulerast i etterkant av planperioden.



§ 10.3 Krav om detaljregulering:

Detaljert arealbruk etter anleggsperioden skal avklara i eigen detaljreguleringsplan.

I kommunedelplanen «Kulturminneplan for Vik kommune» er det under punkt 2 i handlingsplanen lagt opp til at Vik kommune er ansvarleg for følgjande:

- Revisjon av verneplan/reguleringsplan for Vikøyri av 1990.
 - Eksisterande reguleringsplan gjev ikkje fullgod styring i høve dagens krav og ynskje frå grunneigarar i området. Vikøyri er ein viktig både for turistnæringa og for identiteten til kommunen. Det er viktig med tydelege og gode føringer for utviklinga av bygningsmiljøet.



- Starte opp detaljregulering for Nese, Arnafjord.
 - Planen skal sikre vern og legge premissar for restaurering av det unike kamiljøet på Nese.
- Starte opp detaljregulering for Fridtjovsparken på Vangsnes.
 - Planen skal legg til rette for tilkomst og parkering i samsvar med KPA14.

I tillegg til dei nemnde reguleringsplanane har Vik kommune gjennom fleire år samarbeidd med skyttarlaga i kommunen for å finne ei løysing for skytebane. I gjeldande areal del til kommuneplanen (KPA14) er det sett av eit areal til skytebane på Svidlangsmyri på Vangsnes. Det er utarbeidd eit skisseprosjekt som gjer greie for tryggleik, støy-utfordringar og viser ei mogeleg planløysing. Det er ikkje utarbeidd reguleringsplan, noko som er eit krav i KPA14.

Kommunale reguleringsplanar i planperioden:

Arbeidet i valperioden må vurderast i forhold til kapasiteten. Både arealdelen og samfunnsdelen til kommuneplanen skal reviderast. Som ein konsekvens av dette må vi ha mindre trykk på kommunale reguleringsplanar i denne valperioden.

Kommunale reguleringsplanar som skal prioriterast i valperioden:

- Detaljregulering for Rinde og Fedjane i Feios.
Planarbeidet er godt i gang, det er forventa at planen kan leggast ut på høyring og offentleg ettersyn tidleg i 2021.
- Detaljregulering gang- og sykkelveg langs fylkeskommunen Vangebru-Flatbygdi skule.
- Detaljregulering for sjøfronten ved Vetleøyri.

Kommunale reguleringsplanar som bør jobbast med i framtidige valperiodar:

- Skytebane på Vangsnes.
- Revisjon av verneplan/reguleringsplan for Vikøyri av 1990.
- Starte opp detaljregulering for Nese, Arnafjord.
- Starte opp detaljregulering for Fridtjovsparken på Vangsnes.



7. Endringar og tiltak i Vik kommune sitt planverk 2020-2023

Forkortinger for dei ulike avdelingane som har ansvar for planarbeidet.

PF = Plan og forvaltning

S = Stabsfunksjonar

O = Oppvekst

Tek = Tekniske tenester

HV = Helse og velferd

N = Næringssjefen

R = Under Rådmannen

Ansvar	Planar	2020	2021	2022	2023
	KOMMUNEPLAN				
PF	Samfunnssdelen	-	-		
PF	Arealdelen				
S	Økonomiplan m/handlingsdel samfunnssdelen	årleg	årleg	årleg	årleg
	KOMMUNEDELPLANAR				
O	Kommunedelplan oppvekst				
O	Kommunedelplan idrett, fys. akt og friluftsliv				
HV	Delplan helse og omsorg				
N/R	Strategisk næringsplan				
Tek	Delplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø				
PF/TEK	Klima- og energiplan				
PF	Kulturminneplan for Vik kommune				
	Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027	-	-	-	-
	KOMMUNALE REGULERINGSPLANAR				
PF	Detaljregulering for Rinde og Fedjane i Feios				
PF	Detaljregulering gangveg Vangebru-Flatb.s.				
PF	Detaljregulering for sjøfronten Vetleøyri				



TEMAPLANAR

	Temaplanar	2020	2021	2022	2023
0	Kulturbryggplan				
0	Bibliotekplan (ny)				
0	Kulturskuleplan (ny)				
0	Skulebruksplan: «Utgreiling av mogeleg skule- og barnehagestruktur i Vik»	-	-	-	-
R	Ruspolitisk handslingsplan for Vik kommune				
O/HV	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	-	-	-	-
O/Tek	Trafikktryggingsplan for Vik kommune	-	-	-	-
<hr/>					
HV	Handlingsplan rus og psykisk helse				
HV	Smittevernplan				
HV	Pandemiplan				
HV	Plan for habilitering og rehabilitering				
HV	«Leve heile livet» temoplan				
HV/O	Plan for busetting og integrering av flyktningar	-	-	-	-
<hr/>					
Tek	Avfallsplan for kommunale hamner				
Tek	Forvaltningsplan kommunale og private vegar				
Tek	Dok av brannvesen i Vik kommune	-	-	-	-
Tek	Tiltak/innsatsplan brann verneverd. Øyri (ny)				
Tek	Kommunale bygg (ny)				
<hr/>					
S	Heilskapleg ROS-analyse for Vik kommune				
S	Beredskapsplan for Vik kommune				
S	Strategi for IKT og digitalisering				
<hr/>					
PF	Kjerneområde landbruk				
PF	Strategi for SMIL-mildar				
PF	Strategi for NMSK-midlar				
PF	Hovudplan skogsvegar	-	-	-	-
PF	Forvaltningsplan for hjortevilt				
PF	Strandsoneanalyse for Vik kommune				
PF	Kartlegging og verdsetting av friluftsområde				
PF	Folkehelseoversikt				
PF	Besøksstrategi for Eitrastrondi Naturreservat				
PF	Sti- og løypeplan (ny)				
PF	Strategi for tildeling av tilskot for organisert beitebruk (ny)				

